

LINDÅS BYGNINGSRÅD 5100 ISDALSTØ	Motestad Teknisk kontor	Møte dato 8.3.77
Sakshandsamar Haukås	Matr.nr. gnr.188 bnr.116 Felt A Gjervik ytre Tomt 6	SAK NR. 103/77
Byggherre/meldar Odd Haaland	Adr. Ørnehaugen 35 5033 Fyllingsdalen	
Saka gjeld Bustadhus m/hybelhusvære - Nybygg		

## Vedlegg:

Søknad om byggjetillatelse, datert 29.10.76  
kvittering for sendt nabovarsel  
situasjonsplan 1:1000  
teikningar 1:100, datert 12.2.75  
søknad om ansvarsrett, datert 29.10.76  
Skriv frå Odd Haaland, datert 28.12.76  
Graveløyve, datert 13.1.77

## TILRÅDING:

Byggjetillatelse vert gjeve i samsvar med teikningar og utgrei-  
ingar vedlagt søknaden og på følgjande vilkår:

1. Tomta skal tilknyttast offentleg vass- og kloakk-  
leidning. Søknad vert å senda på særskilt skjema  
til teknisk kontor.
2. Bygget skal plasserast med topp grunnmur på kote 20,00.
3. Farge og takteking må vera slik at det harmonerer  
godt med omgjevnaden. Bygningsrådet kan forlanga at  
huset vert måla på ny dersom det vert fargesett på  
ein skjemma måte. (§ 74)
4. Innstallasjon av oljefyringsanlegg, oljefyrt eldstad  
og tank for fyringsolje og petroleum skal meldast til  
brannsjefen. Nedlegging av tank i jord skal meldast  
på førehand, slik at nedlegginga kan kontrollerast.  
(F 49:33)
5. Det skal sendast inn søknad om ansvarsrett for anna  
arbeid som ikkje kjem inn under tømmerarbeidet. (§ 98)
6. Eigaren av egedomen skal innordna seg regulerings-  
føresegnene tilknytt reguleringsplanen.


Bygningsrådet godkjenner byggm. Ole Solhaug som ansvarshavande  
for tømmerarbeidet. (§ 98)

Garasje skal meldast på vanleg måte til bygningsrådet når det  
vert aktuelt å byggja den. (§ 93)

## VEDTAK:

Bygningsrådet godkjenner samrøystes tilrådinga som nemnt ovanfor.

FOR LINDÅS BYGNINGSRÅD



Utskrift sendt til

Odd Haaland  
G. Block Watne A/S  
Byggm. Ole Solhaug